



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
23.02.2017
Dykkar dato
17.01.2017

Vår referanse
2017/845 561
Dykkar referanse
16/6897

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Flaumsikring og kraftproduksjon Opvassdraget - uttale til melding og forslag til konsekvensutgreiingsprogram

Fylkesmannen meiner at NVE må sikre at alle aktuelle flaumtiltak er tilstrekkeleg utgreidd og vurdert når det gjeld kostnader og samfunnsnytte før ein går vidare med konsesjonshandsaming.

Føreslått konsekvensutgreiingsprogram må presiserast på tema som gjeld elva som økologisk system, storlaks og landskap.

Fylkesmannen viser til høyingsdokumenta. Sunnhordland Kraftlag (SKL) ga i tillegg Fylkesmannen ein orientering om prosjektet på kontaktmøte i Statens hus 26. januar 2017.

I tida etter skadeflaumen i oktober 2014 har NVE gjennomført omfattande flaumtiltak gjennom Odda sentrum. På oppdrag frå NVE er det og utarbeidd ein mogelegheitsstudie for flaumdempende tiltak i Opo med rapport frå Multiconsult av 8. desember 2016. Eit viktig første steg i arbeidet fram mot varig flaumvern.

Formålet med utbygginga i meldinga frå SKL er å sikre Odda og områda rundt Sandvinvatnet mot nye, framtidige flaumar. Planane går ut på å byggje kraftverk i kombinasjon med flaumtunell frå Sandvinvatnet til Sørfjorden, og at kraftverket skal bidra til å finansiere flaumtunnelen. I meldinga viser SKL til at dei tiltak NVE har gjennomført i Opo etter storflaumen i 2014 ikkje er tilstrekkeleg for å sikre bygningar og andre føremål, slik det er går fram av gjeldande retningsliner om tekniske krav i bygg (Byggteknisk forskrift, TEK 10). Det vil heller ikkje sikre lågareliggjande område kring Sandvinvatnet og sørover til Hildal.

Tilhøvet til verna vassdrag

Opo vart verna mot kraftutbygging i verneplan I i 1973. I verna vassdrag er det ikkje opna for konsesjonshandsaming av vasskraftprosjekt over 1 MW installert effekt utan Stortinget sitt samtykke. Gjennom vedtak i Stortinget 7. desember 2016, vart det opna for konsesjonshandsaming av planar om kombinert bygging av flaumtunnel og vasskraftverk i nedre del av Opvassdraget.

I saksutgreiinga (Prop. 11 S 2016 – 2017) går det fram at lønsemda i prosjektet er usikker. Vidare viste ein til at prosjektet til SKL ikkje ville gå vesentleg ut over verneverdiane i vassdraget, sjølv om tiltaket vil kunne få innverknad på laks- og sjøaure og føre til at elva gjennom Odda totalt ville endre karakter. Ein la avgjerande vekt på at omsyn til verneverdiane og allmenne interesser kan vurderast gjennom ei konsesjonshandsaming. I proposisjonen går det og fram at mogelegheitsstudien *kan inngå i en eventuell konsesjonsbehandling* når den er ferdigstilt.

Tekniske planar

Tiltaks- og influensområdet strekkjer seg frå Hildal til Eitrheim ved Sørfjorden. Det skal byggjast ein terskel ved nordenden av Sandvinvatnet med lengde på 110 meter. Sandvinvatnet blir regulert 0,9 meter. Flaumtunnellen er planlagt inne i fjell på vestsida av Odda. Samla tunnellengde for heile prosjektet er 5,3 km. Flaumtunnelen blir 2,6 km lang og vil ha tverrsnitt på 100 m². Dette vil gi eit masseoverskot på 700 000 m³. Kapasiteten på flaumtunnellen blir 500 m³/sek. Inntakslukene skal ligge 19 meter under normal vasstand i Sandvinvatnet, medan kraftverkstunnelen og kraftverket skal ligge inne i fjellet. Kraftverket vil få installert effekt på 55 MW og ha årleg produksjonspotensiale på 215 GWh, før fråtrekk for minstevassføring.

SKL har ikkje gjort framlegg om nivå på minstevassføring, men viser til at dette må sjåast i samanheng med andre avbøtande tiltak for å sikre negative verknader på biologisk mangfald og landskap. Dette skal inngå i konsekvensutgreiinga.

Fylkesmannen sine overordna merknader

Fylkesmannen viser til mogelegheitsstudien for flaumdempende tiltak i Opo vassdraget. Rapporten vurderer ni aktuelle tiltak som kan bidra til å redusere flaumvasstand og vassføringa i vassdraget. Konsekvensar for andre brukarinteresser er vurdert på overordna nivå, og det er gjort ein enkel nytteturdering av sikring gjennom Odda sentrum.

Dei omfattande sikringstiltaka som NVE alt har gjennomført etter flaumen i 2014 gjer at farene for nye skader i Odda sentrum i dag er vesentleg redusert. Hovudformål med ytterlegare tiltak i Opo er meir flaumsikring, spesielt retta mot infrastruktur, bygg og område med viktige samfunnsfunksjonar. Kraftproduksjon i eit verna vassdraget kan etter vår oppfatning ikkje vere del av eit overordna mål.

Dei ulike tiltaka i mogelegheitsstudien er til no utgreidde på eit nivå som ikkje gjer det mogeleg å samanhalde desse med eit utbyggingsprosjekt i ein konsesjonssøknad. Fylkesmannen meiner at NVE må sikre at alle aktuelle flaumtiltak er tilstrekkeleg utgreidd og vurdert når det gjeld kostnader og samfunnsnytte før ein går vidare med konsesjonshandsaming. Dette gjeld tiltak i Opo vassdraget, både ovanfor og nedanfor Sandvinvatnet. Vi treng betre kunnskapsgrunnlag for å vurdere kva for tiltak som skal prioriterast høgast i vidare sikringsarbeid mot framtidige flaumar. Ein slik kunnskap ligg ikkje føre i dag.

Fylkesmannens merknader til foreslått utgreiingsprogram

Dersom SKL likevel skal gå vidare med å utarbeide konsekvensutgreiing av meldte prosjekt, vil vi gi følgjande innspel til foreslått utgreiingsprogram:

Fisk og minstevassføring:

- Vassdraget treng flaumar for å oppretthalde sin økologiske funksjon. Utan flaumar av ein viss storleik vil vassdraget misse naturlege funksjonar knytt til utvasking og omskifting av grus og stein, som bidrar til å oppretthalde gyte- og oppvekstområde. Utgreiingsprogrammet må difor diskutere nivå på minstevassføring i vassdraget ut frå elva som økologisk system og landskapselement.
- Nivå på minstevassføring må vurderast spesielt etter krava til storlaksen i Opo. Storlaks har høgare krav til minstevassføring enn mindre laks og sjøaure.

Landskap:

- Det er vist til fire moglege lokaliseringar for planlagt massedeponi. Dersom desse skal nyttast til anna enn grøntformål, til dømes næringsareal, må utgreiingsprogrammet vise verknader på landskap og opplevingsverdi i området.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Sunnhordland Kraftlag	Postboks 24	5401	STORD
Forum for Natur og Friluftsliv i	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Hordaland v/ Bergen Turlag			
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM